

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	13.12.2007	111/07	HVA
<b>Avgjerslemynde:</b> Formannskapet <b>Sakshandsamar:</b> Helge Vallestad		<b>Arkiv:</b> K2-A10, K3-&13	<b>Arkivsaknr</b> 07/835

### HØYRING - ENDRING I BARNEHAGELOV

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.	Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.11.2007		Det kongelege kunnskapsdepartement	Høyring om endring i barnehagelov
2	U	16.11.2007		Til barnehagane	Innspel vedk høyring barnehagelov
3	I	30.11.2007		Bø barnehage	Innspel til høyningsutkast
4	I	02.12.2007		Prestmarka barnehage	Høyningsuttale om endring i barnehagelov

#### Vedlegg i saka:

Dokument 3 og 4.

Utdrag frå høyingsdokumentet (innleiing, samandrag, framlegg til nye lovtekstar)

#### Saksutgreiing:

Kunnskapsdepartementet har sendt framlegg til endringar i barnehagelova på høyring, med frist 3. januar 2008. Saka vart sendt til høyring i samarbeidsutvala i barnehagane 16.11.07, med frist 10. desember. Bø og Prestmarka barnehage har merknader til framlegga.

Høyingsdokumentet har tre hovudelement:

Individuell rett til barnehageplass

Rammefinansiering

Finansiering av ikkje-kommunale/private barnehagar

#### Individuell rett til barnehageplass

Den individuelle retten til barnehageplass vert knytt til følgjande prinsipp:

- retten vert fastsett når full dekning er på plass
- gjeld barn som har fylt 1 år når barnehageåret startar
- rett til tilbod innan kommunen
- kommunen skal sjølv finne den reelle trøngen for barnehageplassar
- interkommunalt samarbeid er mogleg
- rett til godkjent barnehagetilbod innan reglane i barnehagelova
- søkeren sine behov og ønskjer skal vektleggjast
- krav om minimum eitt opptak i året frå og med 2009
- langsiktig mål : 2 opptak pr. år
- fleire opptak eller kontinuerleg opptak vil vera mogleg

### **Rådmannen si vurdering:**

Rådmannen ser lovfesting av rett til barnehageplass som ei sluttføring av ein lang politisk prosess. Vi har lenge hatt rett til både grunn- og vidaregåande skule.

I høve skulesystemet er det likevel ein skilnad ved at det ikkje er plikt til å nytta retten. Dermed veit ikkje kommunen kor mange som til ei kvar tid vil nytte seg av retten sin. Dette gjer at kommunane treng ei viss tid for å tilretteleggja barnehageplassar. Framlegget knyter retten til eitt opptak pr. år i første omgang, med ein langsiktig ambisjon om to opptak pr. år.

Ein rett knytt til hovudopptak/nytt barnehageår er både rasjonell og effektiv. Når seksåringane går over i skulen vert det ledig kapasitet, og dersom denne ikkje strekk til, vil kommunen ha ei viss tid til å områ seg med søknadsfrist 1. mars.

Ein rett knytt til andre tidspunkt vert langt vanskelegare å praktisera, og krev i realiteten at kommunen til ei kvar tid opererer med ledige barnehageplassar. Kostnadene med ordninga må leggjast inn i overføringane. Tiltaket kan auka kostnadene pr. barnehageplass monaleg, og det må vurderast om samfunnssnytten aukar tilsvarende.

### **Rammefinansiering**

Når full barnehagedekning er på plass, truleg frå 2010, vil ein gå over til rammefinansiering frå øremerka tilskot til barnehagedrift. Modellen for rammefinansiering vert lagt fram i kommuneproposisjonen for 2009, og det vil bli utarbeidd eigne kostnadsnøklar for barnehage.

### **Rådmannen si vurdering:**

Når Noreg har full dekning i barnehagesektoren, synest det sjølvklart at finansieringa vert lagt inn i rammeoverføringa, til liks med andre viktige kommunale oppgåver som skule og pleie og omsorg.

Samstundes er det avgjerande at omlegginga sikrar full utgiftsdekning for kvar kommune. Dersom retten til plass også skal gjelda inne i barnehageåret, må overføringane ha eit nivå som gjev kommunen høve til å operera med ei permanent overdekning i talet på plassar.

### **Finansiering av ikkje-kommunale/private barnehagar**

Vi har inga erfaring med dette spørsmålet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune sluttar seg til innføring av lovfesta rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år, føresett at finansieringa av ordninga vert slik at kommunen har rimeleg høve til å oppfylle dei pliktene ein no vert pålagt. Det er ønskjeleg at finansieringa av barnehagane vert lagt inn i kommunane sitt rammetilskot frå og med 2010. Finansieringa må byggje på prinsippet om fullfinansiering av reformer og tilpassast dei rettane kommunen skal oppfylla.

### **18.12.2007 FORMANNSKAPET**

Grethe Lunde (KrF) gjorde framlegg om at kommunen også tok stilling til spørsmålet kring finansiering av ikkje-kommunale/private barnehagar og gjorde framlegg om at Radøy kommune støtta alt. 1 til ny § 14.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak saman med tilleggsframlegget frå Grethe Lunde.

**FS-111/07 VEDTAK:**

Radøy kommune sluttar seg til innføring av lovfesta rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år, føresett at finansieringa av ordninga vert slik at kommunen har rimeleg høve til å oppfylle dei pliktene ein no vert pålagt. Det er ønskjeleg at finansieringa av barnehagane vert lagt inn i kommunane sitt rammetilskot frå og med 2010. Finansieringa må bygge på prinsippet om fullfinansiering av reformer og tilpassast dei rettane kommunen skal oppfylla. Når det gjeld finansiering av ikkje-kommunale barnehagar, går Radøy kommune inn for alt. 1 til ny § 14.